



Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2689 - 20/28984

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2020

Bestilling av meklingsmøte - Detaljreguleringsplan for Hamneset- Aurdal - 1263-201612

Mekling

Kommunestyret i Alver kommune vedtok 14.5.2020 i sak 024/20: «Alver kommunestyre imøtekommer ikkje motsegn frå Fylkesmannen. Endeleg handsaming blir utsett til det blir halde meklingsmøte i tråd med pbl 5-6.».

Bakgrunn for planforslaget

Grunneigarar og tiltakshavar ynskjer å utvikle sin fritidseigedom 220/10 på Hamneset. Detaljreguleringsplanen legg opp til opparbeiding av fleire fritidsbustader og naust.

Planprosess

Søknad om oppstart til reguleringsplanarbeid for eigedom 220/10 var til handsaming i Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune den 31.8.2016, som sak 107/16. Utvalet vedtok å gje løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for eigedom 220/10 i medhald av Plan- og bygningslova § 12-3 (vedlegg 1) .

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Plan- og miljøutvalet 13.06.2018, som sak 083/18. Utvalet vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10 (vedlegg 2).

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 20.06.2018 – 20.08.2018. Det kom 2 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 7 uttalar frå offentlege høyringsinstansar, og 1 uttale frå byggesaksavdelinga i tidlegare Lindås kommune. Uttalar og merknadar ligg vedlagt saka, men vart aldri gjennomgått og vurdert av konsulent (vedlegg 3).

Fylkesmannen i Hordaland varsla motsegn til planen. Dialogmøte vart halde 28.9.2018 i Statens hus. Ein kom ikkje til semje om ei løysing, og Fylkesmannen fremja motsegn til reguleringsplanen. Lindås kommune varsla tiltakshavar ved brev 4.10.2018, at vidare


planarbeid vart stoppa, på bakgrunn av Fylkesmannen si motsegn (vedlegg 4).

Alver kommune sendte 4.2.2020 ein førespurnad til Fylkesmannen i Vestland om ny vurdering av motsegn til planforslaget, på bakgrunn av rulling av KPA for tidligare Lindås kommune, som no gjennom føresegn 3.1.2 opnar for oppføring av naust i område sett av til fritidsbusetnad , samt eit ynskje frå tiltakshavar om ein habilitetsvurdering av seksjonsleiar hos Fylkesmannen i Vestland (vedlegg 5).

I Fylkesmannen i Vestland si tilbakemelding den 11.3.2020 held dei fast på vurderinga i motsegnet, fylkesmannen var ikkje einig i tolkinga om heimel til å oppføre naust i område sett av til fritidsbusetnad og seksjonsleiar rekna seg som habil i saka (vedlegg 6).

Planforslaget var til 2. gongs handsaming hos Alver kommunestyre 14.5.2020 som sak 024/20, det vart fatta vedtak om at endeleg handsaming av planen vert utsett til etter mekling, jf. Pbl § 5-6 (vedlegg 7).

Saka gjeld



Figur 1:Utklipp t.v. frå KPA. Grå stipla line er byggegrensa for funksjonell strandsone. Utklipp t.h. frå reguleringsplankart.

Planforslaget er utarbeidd i strid med byggegrensa for funksjonell strandsone gitt i KPA for Lindås 2019-2031. Gjeldande kommuneplan vidarefører i all hovudsak byggegrensa mot sjø og den funksjonelle strandsona som vart fastsatt i kommuneplan 2011-2023, basert på "Kartlegging av funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggegrensa mot sjø datert 28.08.2011." (Vedlegg 14 sjå kapittel 3.4). Eksisterande fritidseigedom og område for planlagde nye tiltak ligg i eit terreng som skrånar relativt bratt ned mot sjøen. Dagens hytte er lokalisert like inntil lokalvegen (tidlegare hovudveg). Området er privatisert og i praksis ikkje tilgjengeleg for allmenta. Det er ikkje registrert nokon spesielle naturverdiar i område (vedlegg 11, sjå kapittel 2.5.1 om Vikanes, første avsnitt, figur 40 og tabell 9).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1.Søknad om oppstart av reguleringsplan_31.8.16
- 2.Saksframlegg til 1.gongs handsaming_13.6.18
- 3.Uttalar og merknadar_offentleg ettersyn
- 4.Brev frå Lindås kommune til forslagsstillar_4.10.18
- 5.Førespurnad om ny vurdering av motsegn_4.2.20
- 6.Tilbakemelding ny vurdering av motsegn_11.3.20
7. Saksframlegg 2 gongs handsaming_14.5.2020
- 8.Plankart_29.5.17
- 9.Føresegner_31.5.18
- 10.Planomtale_11.5.18
- 11.Strandsonekartlegging_28.8.11
- 12.KPA_Lindås_Plankart_2019-2031
- 13.KPA_Lindås_Føresegner_2019-2031
- 14.KPA_Lindås_Planomtale_2019-2031

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER